

## Forskningskartlegging

# Noko nedgang i kvalitet på barnehageforskinga

Talet på publiserte studiar om skandinavisk barnehageforsking heldt fram med å auke i 2021, samanlikna med tidlegare år. Samla sett blir studiane vurderte til å vere av noko lågare kvalitet.

---

**RAPPORT** | SIST ENDRET: 28.02.2024

**Tittel:**

Empirisk barnehageforsking for de skandinaviske landene i 2021, Forskningskartlegging og vurdering

**Rapporten:**

[Last ned rapporten hos UiS \(PDF\)](#)

**Forfatter:**

Astrid Gulbrandsen, Nina Kalvatn Friestad, May Irene Furenes Klippen

**ISBN:**

978-82-8439-207-3 (Nettutgave)

**Utgiver:**

Kunnskapssenter for utdanning

**År:**

2024

---

## Hovudfunn

- Det er framleis auke i talet på publiserte studiar om skandinavisk barnehageforsking.
- Det er ein nedgang i delen av studiar som er vurderte til høg kvalitet, samtidig som det er ein auke i delen av studiar vurdert til låg kvalitet.
- Auken i delen av studiar publisert på engelsk held fram, og studiar på engelsk blir vurdert til høgare kvalitet.
- Studiar blir i aukande grad basert på informasjon gitt av vaksne - ikkje av barn.
- Kvalitativ metode er framleis sterkt dominerande.

## Sjå også omtale hos UiS

Artikkel: [Skandinavisk barnehageforskning: Forskere fra Danmark, Sverige og Norge kommenterer årets rapport](#)

Podkast: [Oppsummert kunnskap: Barnehageforskning i Skandinavia - trender og perspektiver](#)

## Om rapportserien

I rapportserien «Kartlegging av skandinavisk barnehageforskning» blir det gitt ut rapportar som gjer greie for den skandinaviske, empiriske barnehageforskninga for ein viss tidsperiode. Rapportane er mellom anna baserte på forskning som er registrert i databasen [Nordic Base of Early Childhood Education and Care](#). Kvart år sidan 2006, har empirisk og kvalitetsvurdert skandinavisk barnehageforskning blitt inkludert i databasen. Databasen er resultat av eit samarbeid mellom Danmarks Evalueringsinstitut (EVA), det svenske Skolverket og Utdanningsdirektoratet.

Denne rapporten er ei forskingskartlegging av skandinavisk (Danmark, Noreg og Sverige), empirisk forskning på barnehagetilbodet for 0–6-åringar publisert i 2021. I tillegg til å kartleggje, gjer rapporten også ei samanlikning med dei to foregåande åra (2019 og 2020), og ho gir eit historisk blick på kartleggingar frå tidlegare år der dette er relevant.

Sjå også:

- [Forskningskartlegging og vurdering – Empirisk barnehageforskning for de skandinaviske landene i 2020](#)
- [Trender i empirisk barnehageforskning i de skandinaviske landene 2006–2019](#)